



Saksbehandlar: Anne Sofie Sandvik

Kommunedirektør: Yngve Folven Bergesen

Saksnr.
040/25

Utval
Formannskapet

Møtedato
03.06.2025

Behandling av forslag til planprogram

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

[Planprogrammet for Kommunedelplan 2026-2038 for naturmangfald og karbonrike](#) areal blir vedtatt slik det ligg føre i samsvar med Plan- og bygningslova § 11-13.

Formannskapet 03.06.2025:

Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart einstemmig vedtatt med 9 stemmer.

FS - 040/25 Vedtak:

[Planprogrammet for Kommunedelplan 2026-2038 for naturmangfald og karbonrike](#) areal blir vedtatt slik det ligg føre i samsvar med Plan- og bygningslova § 11-13.

Saksutgreiing

Samandrag

Planprogrammet er oppskrifta for planarbeidet. Det seier noko om

- prosess og organisering av planarbeidet (politisk og administrativt)
- Kunnskapsgrunnlaget og utfordringsbilete
- Hovudtema for planarbeidet
- opplegg for medverknad
- framdriftsplan

Publisert digital versjon av planprogrammet er originalversjonen.

Bakgrunn for saka

Å ta vare på naturmangfaldet er viktig, ikkje berre for naturen sjølv, men for samfunnet i sin heilskap ([NOU 2024: 2](#)). Men, naturen i Noreg er under press ([Norsk rødliste for arter, 2021](#)), og kommunen er ein nøkkelaktør i å ta vare på naturen og naturmangfaldet rundt oss for framtida ([Meld. St. 35](#)).

Det skal utarbeidast planprogram for alle kommuneplanar, jf. plan- og bygningslova § 4-1. Planprogrammet inngår som eit ledd i varsling av planoppstart, og skal danne grunnlaget for

planarbeidet og avklare rammer, mål og utfordringar. Det skal gjerast greie for føremål med planarbeidet, planprosessar, opplegg for medverknad, behov for utgreiingar med meir.

I planstrategien for Vindafjord kommune 2024-2027 er det vedtatt at det skal utformast ein kommunedelplan for naturmangfald med oppstart i 2024.

Planprogrammet var på høyring frå 26.02.25-22.04.25 og det kom inn 8 merknadar. Forslag til planprogram er oppdatert etter høyringsrunden og blir med dette lagt fram til politisk behandling. Vurdering av merknadane kjem fram av saksutgreiinga.

Saks- og faktaopplysningar

Formål:

Hovudmålet med planen er å ta vare på naturmangfaldet i Vindafjord kommune. Dette skal bli oppnådd gjennom å betre kunnskapsgrunnlaget om naturverdiane i kommunen og få ein politisk forankra plan med konkrete mål og tiltak for å ta vare på desse. I tillegg er det eit mål om at planen skal skape eit større engasjement, kunnskap og kompetanse om naturmangfaldet i Vindafjord, og gjere det meir føreseieleg for innbyggjarar, administrasjon/forvaltning, politikarar og utbyggarar/næringsliv i sakar som omhandlar/påverkar naturmangfaldet i kommunen.

Organisering og medverknad (sjå kapitel 5 i planprogrammet)

I samsvar med § 5-1(PBL) skal alle som fremjar planforslag legge til rette for medverknad. Eit planprogram skal i samsvar med pbl §4-2 gjere greie for medverknadsprosessen. Planprogrammet legg opp til ein tredelt medverknadsprosess, ein tilknytt medverknadsprosessen til kommunedelplanen, ein spesielt retta mot interesseorganisasjonar og ei digital innspelsløyising. I tillegg til dette blir det ordinær høyring gjennom plansoppstart og høyring av planprogram og seinare høyring av planforslaget. Det vil i tillegg bli informert jamleg om planprosessen på kommunen sine nettsider på eige [menykort](#). Sjå oppstilt opplegg for medverknad under og meir informasjon i kapitel 5 i planprogrammet.

Høyring og offentleg ettersyn av forslag til planprogram Varsel om oppstart av planarbeid Høyring og offentleg ettersyn av planforslag	Formelt krav, jf. PBL §11-13 Formelt krav, jf. PBL §11-12 Formelt krav, jf. PBL § 11-14
Informasjon via lokalaviser, nettside og i sosiale media Digital innspelsløyising til kunnskapsdelen Møte med grendeutvala Interesse- og medverknadmøter med aktuelle aktørar og interesseorganisasjonar og lokale ressurspersonar. Desse vil bidra i heile planprosessen. Andre gruppesamlingar: ta planarbeidet opp i ungdomsrådet for å sikre born og unge si medverknad	Annan medverknad PBL §5-1 Annan medverknad PBL §5-3

Kunnskapsgrunnlag og utfordringsbilete (sjå kapitel 4.2 i planprogrammet)

Det har blitt kartlagd ein del natur i kommunen opp gjennom åra, både i kommunal regi og i konsekvensutgreiingar gjort i samband med utbyggingsprosjekt. Mykje av kartlegginga er ikkje offentleg tilgjengeleg i kartdatabasar som Naturbase/Temakart-Rogaland, og ein må inn i ulike arkiv eller på nett for å finne informasjonen.

Å ta vare på naturmangfaldet er viktig, ikkje berre for naturen sjølv, men for samfunnet i sin heilskap.

For å hjelpe kommunane med dette arbeidet har miljødirektoratet ei tilskotsordning (Naturesats) for utarbeiding av kommunedelplan for naturmangfald. Vindafjord kommune har både i 2024 (400 000,-) og i 2025 (1.2 millionar) fått støtte frå tilskotsordninga.

Tilskotsmidlane har til nå blitt brukt til å samanstille kunnskapsgrunnlaget og gje eit meir heilskapeleg bilete av naturverdiane i Vindafjord. Kommunen har etter utlysing (i to omgangar) engasjert Biofokus til dette arbeidet.

I arbeidet med rapporten og samanstillinga av allereie kartlagde naturverdiar såg ein behov for supplerande kartlegging av naturmangfaldet på fleire område.

For ei betre forvaltning av kommunen sine naturverdiar, vil det i handlings- og tiltaksplanen i kommunedelplanen leggjast opp til vidare kartlegging i åra framover, men supplerande kartlegging allereie i feltsesongen i 2025, vil gi eit betydeleg løft på kunnskapsgrunnlaget og eit langt betre grunnlag for vidare arbeid med kommunedelplanen.

Det er derfor i samarbeid med innleidd konsulent Biofokus, prioritert viktige naturverdiar som bør kartleggast vidare. Ny kartlegging vil betre kunnskapen om naturen i Vindafjord og vere med på å avdekke dei største kunnskapshola når det gjeld naturmangfaldet i kommunen. Eit oppdatert kunnskapsgrunnlag vil også vere svært viktig i det vidare arbeidet med planen. Utkast til rapport om kunnskapsgrunnlaget ligg vedlagt.

Hovudtema i kommunedelplanen (sjå kapittel 4.3 i planprogrammet)

- Samanstille og betre eksisterande kunnskapsgrunnlag
- Fastsette gode mål for Kommunedelplan for naturmangfald og karbonrike areal
- Fastsette kva for naturverdiar som det er viktig å ta vare på
- Utarbeide ein handlingsdel med ein konkret tiltaksplan
- Utarbeide føresegner og retningslinjer for å bidra til å redusere tapet av naturmangfald

Framdriftsplan:

I vedtatt planstrategi står det at planarbeidet skal starte opp i 2024 og sluttførast i 2025.

Miljødirektoratet opnar gjennom tilskotsordninga naturesats til ytterlegare kartlegging av naturmangfald i 2025. Sidan kommunen har fått tilsegn på søknaden vil planarbeidet ta noko lenger tid.

I Miljødirektoratet sine vilkår for tilskot til utforming av planen står det at ein må ha ein politisk vedtatt plan våren 2026. Framdriftsplanen har tatt utgangspunkt i dette.

Framdriftsplan Kommunedelplan for naturmangfold og karbonrike areal	2024				2025				2026	
	Q1	Q2	Q3	Q4	Q1	Q2	Q3	Q4	Q1	Q2
Planstrategi										
Førebuing										
Søknad: tilskot til utarbeiding av plan										
Politisk vedtak oppstart plan										
Utlising konsulent										
Planoppstart/ Kunnskapsgrunnlag										
Medverknad 1: Grendeutvalsmøte										
Søknad: Tilskot til utvida kartlegging										
Planprogram										
Medverknad 2: Digital innspelsløyding										
Rapport - kunnskapsgrunnlag										
Medverknad 3: Interesseorg.										
Kartlegging av biologisk mangfald										
Planarbeid										
Planskildring										
Handlingsdel med tiltaksplan										
Plankart										
Føresegnar/retningslinjer										
Under arbeidheving og fram til vedtak										

Innkome merknadar/uttale frå partar

Det er i alt komme inn 8 uttalar til både planprogrammet og varsel om oppstart av kommunedelplanarbeidet, desse følger som vedlegg til saka. I det følgande blir merknader som omhandlar planprogrammet gjengitt og kommentert. Dei deler av uttalane som handlar om kommunedelplanarbeidet blir tatt med vidare og seinare kommentert når planforslaget skal opp til behandling.

1. Statsforvaltaren (SF)

Vil særleg gi skryt til kommunen for å lage ein kommunedelplan, som vil vere styrt av prosessuelle krav frå plan- og bygningslova. Dette sikrar legitimitet i planarbeid, og gjer at planen kan nyttast som eit slagkraftig styringsverktøy.

Statsforvaltaren oppfordrar kommunen til å setje sterke overordna målsetjingar i denne planen med klare retningslinjer for arealbruk i kommunen i planarbeidet.

Statsforvaltaren ser at det i planprogrammet vert lagt opp til at planen og gjeld naturmangfald i sjø. Karbonrike areal i sjø er likevel ikkje nemnt noko særleg i oppstartsvarselet eller i planprogrammet. Dei saknar vidare born og unge som ein viktig gruppe i medverknadsprosessen, og korleis kommunen planlegg å engasjere dei nemnte gruppene. Til slutt oppfordrar dei kommunen til å søke samarbeid med nærliggande kommunar for å utnytte ressursar på ein betre måte, dette gjeld særleg i tema som natur, klima og andre tema som er meir omfattande og heilskaplege.

Kommunedirektøren sine kommentarar:

Kommunedirektøren tar innspelet med vidare i arbeidet med kommunedelplanen. I planprogrammet er det tatt inn litt fleire spesifiserte punkt frå nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging og vidare vist til spesifikke føringar i statlege planretningslinjer for klima og miljø. Under medverknad er det tatt inn at barn og unge sine interesser blir ivareteke ved at planarbeidet blir løfta opp i ungdomsrådet. Karbonrike areal som tema er tydelegare spesifisert under plantema og blir og kopla opp til vurderingar knytt til klimaendringane. Førebels utkast til kunnskapsgrunnlag og utfordringsbilete ligg ved planprogrammet og hovudpunkta er sett opp i nytt kapittel

[4.2 Kunnskapsgrunnlag og utfordringsbilete](#) i planprogrammet.

2. Rogaland fylkeskommune (RFK)

Eit godt og oversiktleg planprogram med tydelege prioriteringar og godt opplegg for medverknad. Planprogrammet gjer generelt lite informasjon knyta til utfordringar, status og kva tema som kommunen vurderer som særleg viktige å prioritera i dette planarbeidet. Særlege tema som er viktig for fylkeskommunen i det vidare arbeidet: Landskapsøkologiske samanhengar, Karbonrike areal, karbonrike areal i sjø, Vern og restaurering og Klimaendringar og klimatilpassing.

Karbonrike areal er med i tittel på planen og det skapar forventningar til at planen skal vera konkret i innhald på dette tema, sidestilt med naturmangfald. Fylkesdirektøren saknar ei meir konkret omtale, definisjon, prioritering og evt. avgrensing av karbonrike areal inn i planen. Karbonrike areal kan også vere jordbruksareal, men dette er ikkje definert eller avgrensa her. Mål knytt til arealbruk: For seinare rullering av kommuneplanen bør ny kunnskap om natur- og karbonrike areal gje premiss både for strategiske val for arealbruk i arealstrategien og for arealdisponeringar i sjølve plandokumentet.

Kommunedirektøren sine kommentarar:

Kommunedirektøren tar innspelet med vidare i arbeidet med kommunedelplanen. Karbonrike areal som tema er tydlegare spesifisert under plantema og blir og kopla opp til vurderingar knytt til klimaendringane. Førebels utkast til kunnskapsgrunnlag og utfordringsbilete ligg ved planprogrammet og hovudpunkta er sett opp i nytt kapitel [4.2 Kunnskapsgrunnlag og utfordringsbilete](#) i planprogrammet. Det er og teken inn at planen må ha eit tydeleg ambisjonsnivå for naturmangfald på land opp mot marint naturmiljø.

3. Fiskeridirektoratet

Oversikteleg og godt planprogram. Kunne vore noko tydlegare på prioriteringar. Peikar på viktigheita av marint naturmangfald og derfor bra at planen også gjeld sjørareal. Fiskeridirektoratet foreslår at planprogrammet supplerast med eit eige kapittel som for eksempel «Utviklingstrekk og utfordringar». Dei vil særleg trekkje fram gytefelt g marine naturtypar som viktige for sjømat næringane i Vindafjord. Dei har også ein del innspel til vidare planarbeid.

Kommunedirektøren sine kommentarar:

Kommunedirektøren tar innspelet med vidare i arbeidet med kommunedelplanen. Førebels utkast til kunnskapsgrunnlag og utfordringsbilete ligg ved planprogrammet og hovudpunkta er sett opp i nytt kapitel [4.2 Kunnskapsgrunnlag og utfordringsbilete](#) i planprogrammet. Det er og teken inn at planen må ha eit tydeleg ambisjonsnivå for naturmangfald på land opp mot marint naturmiljø.

4. Statens vegvesen(SVV)

Viser til fleire nyttige rettleiarar og informasjonssider som viser korleis det arbeidast frå SVV sin side. Statens vegvesen ber om at tiltak som kan ha følgjer for riksvegnettet planleggast og avklarast med SVV. Dei legg til grunn at kommunedelplanen ikkje vil ha verknadar for gjennomføringa av vedtekne arealplanar for Statens vegvesen sine prosjekt.

Kommunedirektøren sine kommentarar:

Kommunedirektøren tar innspelet med vidare i arbeidet med kommunedelplanen og vil sjekke ut rettleiarane som SVV nyttar i sitt arbeid. I kva grad kommunedelplanen vil kunne ha verknadar på gjennomføring av vedtekne planar, må ein komme tilbake til i det vidare arbeidet.

5. Haugaland interkommunal miljøverk (HIM)

HIM har ingen konkrete planer om utviding av deponi for avfall i tidsperioden på det nåverande tidspunkt. Tall om karbon kan skaffast ved å kontakte HIM dersom desse tala er aktuelle i teksten til planprogrammet.

Kommunedirektøren sine kommentarar:

Kommunedirektøren tar innspelet med vidare i arbeidet med kommunedelplanen. Tall på karbon kan vere aktuelt i det vidare arbeidet med planen og kommunen vil då ta kontakt.

6. Noregs vassdrag og energi (NVE)

NVE har innspel knytt til kva for naturverdiar som er viktige å ta vare på: Vassdrag og vassdragsmiljø og skog som sikring mot naturfare. Her viser dei blant anna til rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag (RPR) og til statlege planretningslinjer for klima og energi og nasjonal forventningar. Auka kunnskap om naturmangfald må vidare nyttast aktivt inn i arbeidet med revisjon av kommuneplanen.

Der kan kommunen fastsetje arealformål og føreseigner som er juridisk bindande. NVE sitt råd er å styre arealbruken gjennom val av arealformål i arealdelen, slik at ein unngår å legge til rette for regulering eller ny utbygging for tett på vassdrag.

Kommunedirektøren sine kommentarar:

Kommunedirektøren tar innspelet med vidare i arbeidet med kommunedelplanen. I planprogrammet er det tatt inn litt fleire spesifiserte punkt frå nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging og vidare vist til spesifikke føringar i statlege planretningslinjer for klima og miljø i planprogrammet. Kommunedelplanen vil ha retningslinjer som vil vere styrande på revisjon av kommuneplanen sin arealdel.

7. Motvind Tysvær

Godt planprogram. Skjøtsel av kystlynghei må vere ein del av planen.

Kommunedirektøren sine kommentarar:

Kommunedirektøren tar innspelet med vidare i arbeidet med kommunedelplanen. Kystlynghei vil vere ein viktig del av kommunedelplanen og vil vurdere korleis skjøtsel av naturtypen kan styrast gjennom planen. Førebels utkast til kunnskapsgrunnlag og utfordringsbilete ligg ved planprogrammet og hovudpunkta er sett opp i nytt kapittel [4.2 Kunnskapsgrunnlag og utfordringsbilete](#) i planprogrammet.

8. BirdLife Norge - Haugaland lokallag

Nokre område er meir kartlagt enn andre i kommunen. Osen, Ølen er godt kartlagt. Elles er det viktig å ta BirdLife og andre interesseorganisasjonar med tidleg for råd og innspel. Ønsker betre dialog mellom kommune, BirdLife og bønder i forhold til vern av vipa. Den er i sterk tilbakegang og kritisk trua, noko dei ser på som svært bekymringsfullt. Birdlife er også bekymra for rovfugl som hubro, hønehaug og kongeørn. Håper de er i kontakt med Dag Brynjelsen, som er den som har best kjennskap til reir og revir for disse artene. Ryper, orrfugl og storfugl er også i sterk tilbakegang.

Kommunedirektøren sine kommentarar:

Kommunedirektøren tar innspelet med vidare i arbeidet med kommunedelplanen. I etterkant av uttalen har kommunen arrangert interesse- og medverknadsmøte og fleire knytt til Birdlife sitt lokallag var med og ønskte å bidra vidare inn i planprosessen. Tar også særleg med oss innspel om betre dialog mellom kommune, BirdLife og bønder i forhold til vern av vipa i det vidare planarbeidet.

Vurdering og konklusjon

Planprogrammet gjer greie for formålet med planarbeidet, planprosessen, organisering, medverknad og framdrift, viktige føringar og hovudtema for planarbeidet.

I arbeidet med rapporten og samanstillinga av allereie kartlagde naturverdiar såg ein behov for supplerande kartlegging av naturmangfaldet på fleire område. Ved å nå få gjennomført supplerande kartlegging i 2025 vil kommunen få eit gjennomarbeida og godt kunnskapsgrunnlag som grunnlag for planarbeidet. I dette vil dei største utfordringane komme fram og gi verdifulle innspel til forvaltningsbehov og tiltak.

Planprogrammet er oppskrifta og mandatet til revisjonsprosessen.

Etter kommunedirektøren si vurdering er planprogrammet eit godt grunnlag for å utarbeide ein ny kommunedelplan. Kommunedirektøren si vurdering er at planprogrammet kan vedtas slik det ligg føre.